



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/5993-1

Skriv og melding - fylkesrådet for eldre 7. mai 2018

Framlegg til vedtak:

1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak

Vedlegg:

Uttale frå fylkeseldrerådet i Vest-Agder om representasjon i regionale brukarutvel i Helse Sør-Øst
Brev frå Gloppen eldreråd til dei politiske partia på Stortinget
Pasient- og brukaromboda sine årsmeldingar for 2017
Uttale frå Vest-Agder fylkeseldreråd
Resolusjonar frå Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane
Invitasjon frå Sogndal eldreråd
Innspel på tema til den nasjonale eldrerådskonferansen i 2019

Meldesak 1) Representasjon regionale brukarutval Helse Sør-Øst

Fylkeseldrerådet i Vest-Agder fatta følgjande uttale i møte 24.01.2018:

«Fylkeseldrerådet i Vest-Agder vil på det sterkeste protestere på at Helseforetakene er i ferd med å innføre nye regler for nominasjon av representanter til lokale og regionale brukerutvalg til kun å gjelde medlemmer i Pensjonistforbundet».

Meldesak 2) Bekymringsmelding om for trонge økonomiske rammer for kommunane.

Brev frå Gloppen kommune til dei politiske partia på Stortinget

Gloppen eldreråd har sendt brev til partigruppene på Stortinget, der dei gjev uttrykk for uroa deira for kommunane sine trонge økonomiske rammer. Brevet som vedlegg.

Meldesak 3) Pasient- og brukaromboda si årsmelding for 2017

Årsmeldingane finn de vedlagt. Årsmeldingane omhandlar det nasjonale arbeidet og arbeidet i fylket. I årsmeldingane framhevar pasient- og brukarombodet nokre av dei erfaringane dei har gjort seg i året som har gått, og anbefalingar som dei har til kvalitetsforbetring i helse- og omsorgssektoren.

Meldesak 4) Uttale frå Vest-Agder om at eldreråd er ein uvurderlig ressurs for å bygge eit nytt fylke

I samband med førebuingar til samanslåing av Agderfylka (Aust-Agder og Vest-Agder) frå 2020 har fylkeseldrerådet i Vest-Agder sendt ein uttale, der dei meiner at eldre har kunnskap og erfaring som kjem samfunnet til nytte også når dei har gått ut av det ordinære arbeidslivet. Uttalet som vedlegg.

Meldesak 5) Resolusjonar frå Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane

Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane vedtok følgjande resolusjonar på årsmøte 12. – 13. mars 2018 som dei har oversendt:

- Nedprioritering av eldreomsorga i kommunane i Sogn og Fjordane
 - Vedkommande verknaden av tannhelsereforma i Sogn og Fjordane
- Resolusjonane vedlagt.

Meldesak 6) Invitasjon frå Sogndal eldreråd

Sogndal eldreråd har sendt invitasjon til møte 28. mai 2018 i Sogndal, der tema for møte er framtida til råda med tanke på kommunesamanslåing. Svarfristen er 14. mai 2018.

Meldesak 7) Uttale regional plan for klimaomstilling

Fylkesrådet for eldre har sendt inn fylgjande uttale:

«Fylkesrådet for eldre er positive til at ein skal ha klimavennlege løysingar. Fylkesrådet ser på det som sjølv sagt at klimavennlege løysingar og skal vere universelt utforma og inkludere alle. Det må vere mogleg å bruke dei nye klimavennlige løysingane for alle.

For å nå den nasjonale sykkelstrategien om å auke andelen gåande og syklande med 8 prosent innan 2023, er det viktig at etter kvart som nye vegar vert bygde, må det samtidig byggast ut med gang- og sykkelvegar, slik at ein ikkje vert tvungen til å bruke biltransport for å kome til butikk eller reise på fritidsaktivitetar.

Vi ser det som viktig i omlegginga til å bruke fornybar energi eller gjøre endringar i gamle bustader, er dette avhengig av gode omleggingstilskot eller rimelege lån. Ei meir rettferdig nettleige for straum vil vere eit godt bidrag».

Meldesak 8) Uttale regional strategisk plan for kysten

Fylkesrådet for eldre har sendt inn fylgjande uttale:

«Fylkesrådet for eldre, dei kommunale råda og brukarorganisasjonane må involverast slik at eldre vert ivaretekne. Dette gjeld spesielt i samband med strategiområda; etablere eit kystråd og knyte saman kysten med betre infrastruktur. Det er viktig med brukarmedverknad. Vi er oppteken av at planen tek i vare universell utforming.

Samarbeid om betre samferdsle er viktig, for å få til ein betre infrastruktur og å få folk til å bu i kystnære område».

Meldesak 9) Innspel på tema til den nasjonale eldrerådkonferansen i 2019

Telemark fylkeskommunale eldreråd skal arrangere den nasjonale eldrerådkonferansen i 2019. Planlegginga av konferansen er i gang, og arrangørane ynskjer å få innspel på tema som opptek eldreråda over heile landet, og som de meiner kan ha interesse utover eige fylke. Svarfrist 28. mai 2018.

Meldesak 10) Informasjon frå innspelsmøte – regional plan for kultur

Aud Karin orienterer frå innspelsmøte 19. mars om innspel til regional plan for kultur som omhandla temaet «kultur for alle».

Meldesak 11) Ymse